

# Osterøy kommune

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur

## Referat fra oppfølgingsmøte ro- og padleruter 17.01.23

Tilstade: Linda Svidal Nordås (Osterøy kommune), Ingri Thomassen (Osterøy kommune), Fritjof Fosse (BOF), Marianne Pedersen (Osterøy turlag), Per Erik Myking (Osterøy reiselivslag), Rune Solberg (Lonevåg Båtlag), Lars Magne Bysheim (Den grøne fabrikken), Ingvild Sylta (Hamre grendaråd), Åge Hustrulid (Hamre båtlag),


Fråvær: Hallgeir Mjelde (Haus båtlag), Valestrand båtlag, Trond Utvær (Hjellvik båtlag), Reidar Flesland (Hamre grendaråd)

Ikkje meldt tilbake: Bruvik båtlag, Hosanger båtlag, Fotlandsrågå båtlag

Linda Svidal Nordås ynskja velkommen til nytt møte

Fritjof Fosse repeterte kort av kva prosjektet «ro- og padleruter 2022-2026» går ut på

Sak	Informasjon
Kort presentasjon	Om prosjektet og mål. - Ro- og padlerutene skal til slutt gjerast tilgjengeleg for alle og inn i padleapp og andre informasjonskanalar for umotorisert ferdsel på sjø og vatn
Presentasjon av registreringsskjema	Gjennomgang av registreringsskjemaet for dei aktuelle rutene og områda som vert plukka ut. - I denne fasen av kartlegginga er det viktigast å sjå på startpunkt og målpunkt; Kva for tilretteleggingsmogelegeheiter finns det her allereie og kva er behovet. Til dømes parkering og utsettingspunkt, WC, rastepest, overnattingsmogelegeheiter osv. - Det er også tenkt av BOF at det er naturleg å sjå for seg at dei ulike rutene som vert oppretta forgreiner seg i eit større nettverk med nabokommunar og fører til ein rundtur rundt Osterøy - Rutene skal lanserast lokalt og nasjonalt. På padle-app og diverse nettsider. Det er derfor viktig med eit grundig forarbeid slik at tilretteleggingsmogelegeheiter og andre faktorar i rutene kvalitetssjekkast og vurderast. Dette arbeidet vert gjort i samarbeid med padle forbundet og fylkeskommunen. Dei graderer rutene etter graderingsstandarden og vert fargekoda etter kor krevjande ruta er å gjennomføre. Det er blant anna avstand mellom start- og målpunkt, lokale forhold som farvann og andre faktorar som vert tatt med i vurderingane. - Det vart vist på storskjerm korleis rutene i Oslofjorden er registrerte på nettsida - Det er planlagt å setje opp ei infotavle på alle startpunkt for ro- og padlerutene



# Osterøy kommune

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur

	<p>- Tilrettelegging som overnattingsmogelegheiter er ein krevjande prosess – særleg ved «endring av bruksområde» når det gjeld naust og liknande. Padlehuk med/utan overnatting er òg mogeleg å vurdere. Nasjonale retningslinjer for tilrettelegging i strandsona må følgjast. Arbeid med denne typen tilrettelegging vert naturleg å gjere i samarbeid med BOF og fylkeskommunen.</p> <p>→ Link til retningslinjene: <a href="http://Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen - regeringen.no">Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen - regeringen.no</a></p>
Spørsmål og svar	<p>Det vart stilt spørsmål om mogelegheit for ei meir permanent løysing av oppbevaring/lagring av kajakk og kano på dei ulike utettingspunktene/målpunkta, med mogelegheit for å låse kajakken inne.</p> <p>- Det fins stativ som kan setjast opp. BOF undersøkjer korleis andre har løyst dette.</p> <p>Ang tilrettelegging for overnattingsmogelegheiter på aktuelle mål-punkt</p> <p>- I denne fasen av arbeidet er det kartlegging av ruter og områder, og arbeid med registreringsskjema som skal gjennomgåast først</p> <p>Spørsmål i forhold til tilrettelegging for mindre plassar som på vatn. Vatn kan vera tryggare og enklare særleg for nybegynnarar, barn og andre med tilretteleggingsbehov, då vatn har meir stabile forhold enn på sjø. Det er berre positivt å kartlegge mogelegheiter på vatn for denne gruppa.</p> <p>Det er ynskje frå gruppa om at informasjon og lenker vert sendt på e-post i tillegg til teams-kanalen</p>
Siste halvdel av møtet - Teikne av områder og ruter på kart	Det vart teikna opp fleire aktuelle ruter. Desse skal førast inn i registreringsskjemaet.
Vegen vidare	Marianne Pedersen (Osterøy turlag) skal i gong med arbeidet på biblioteket etter avtale med Ingri Thomassen. Jorunn Hermansen vert kontakta for mogeleg samarbeid i prosessen
	- Framover vert det kontakt og oppdateringar via teams og e-post.
Neste møte	Det er planlagt eit avslutningsmøte ut på våren, når kartleggingsarbeidet er ferdig. Innkalling vert sendt.